Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2017 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	933 040 143
Organisasjonsform:	Aksjeselskap
Foretaksnavn:	HORDAHEIMEN AS
Forretningsadresse:	C. Sundts gate 18 5004 BERGEN

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2017 - 31.12.2017

Konsern

Morselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Øystein Erstad
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	03.05.2018

Grunnlag for avgivelse

År 2017: Årsregnskapet er elektronisk innlevert

År 2016: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2017

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 29.04.2021

Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2017	2016
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt		20 729 773	21 945 339
Annen driftsinntekt		776 313	960 269
Sum inntekter		**21 506 086**	**22 905 608**
Kostnader			
Varekostnad		1 776 042	2 515 368
Lønnskostnad	2	9 271 476	9 860 550
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	660 611	674 753
Annen driftskostnad	2	11 406 637	13 551 247
Sum kostnader		**23 114 766**	**26 601 918**
Driftsresultat		**-1 608 681**	**-3 696 310**
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		5 480	228 404
Annen finansinntekt			189
Sum finansinntekter		**5 480**	**228 592**
Nedskrivning av finansielle eiendeler	4	-638 935	3 398 709
Annan rentekostnad		203 049	338 468
Annen finanskostnad		166 496	221 154
Sum finanskostnader		**-269 391**	**3 958 331**
Netto finans		**274 871**	**-3 729 739**
Ordinært resultat før skattekostnad		**-1 333 810**	**-7 426 049**
Skattekostnad på ordinært resultat	6		
Ordinært resultat etter skattekostnad		**-1 333 810**	**-7 426 049**
Årsresultat		**-1 333 810**	**-7 426 049**
Årsresultat etter minoritetsinteresser		**-1 333 810**	**-7 426 049**
Totalresultat		**-1 333 810**	**-7 426 049**

Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2017	2016
Overføringar og disponeringar			
Udekt tap		-1 333 810	-7 426 049
Sum overføringar og disponeringar		**-1 333 810**	**-7 426 049**

Balanse

Beløp i: NOK	Note	2017	2016
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle eigedelar			
Utsett skattefordel	6		
Varige driftsmiddel			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende	3	1 214 605	1 683 655
Sum varige driftsmiddel		**1 214 605**	**1 683 655**
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	4, 9	1	1
Investeringer i aksjer og andeler		40 250	40 250
Andre fordringer	2	660 000	
Sum finansielle anleggsmiddel		**700 251**	**40 251**
Sum anleggsmiddel		**1 914 856**	**1 723 906**
Omløpsmiddel			
Varer			
Varer		95 978	109 741
Sum varer		**95 978**	**109 741**
Krav			
Kundefordringer	9	396 315	841 752
Andre fordringer	9	19 150	892 211
Sum krav		**415 465**	**1 733 963**
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskudd, kontanter og lignende	7	271 599	149 143
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		**271 599**	**149 143**
Sum omløpsmiddel		**783 042**	**1 992 847**
SUM EIGEDELAR		**2 697 898**	**3 716 753**

Balanse

Beløp i: NOK	Note	2017	2016
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital	5, 8	109 430	109 430
Sum innskoten eigenkapital		**109 430**	**109 430**
Opptent eigenkapital			
Annen egenkapital	8		
Udekt tap	8	12 143 266	10 809 456
Sum opptent eigenkapital		**-12 143 266**	**-10 809 456**
Sum eigenkapital	8	**-12 033 836**	**-10 700 026**
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Utsett skatt	6		
Anna langsiktig gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld	9	7 248 195	7 391 605
Sum anna langsiktig gjeld		**7 248 195**	**7 391 605**
Sum langsiktig gjeld		**7 248 195**	**7 391 605**
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner		2 857 957	2 851 173
Leverandørgjeld	9	1 421 210	989 281
Betalbar skatt	6		
Skyldige offentlige avgifter		635 245	706 863
Annen kortsiktig gjeld	9	2 569 128	2 477 857
Sum kortsiktig gjeld		**7 483 539**	**7 025 174**
Sum gjeld		**14 731 735**	**14 416 780**
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		**2 697 898**	**3 716 753**

Årsrapport

2017

Hordaheimen AS

(Org.nr. 933 040 143)

KPMG AS
Kanalveien 11
Postboks 4 Kristianborg
5822 Bergen

Telephone +47 04063
Fax +47 55 32 11 66
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til generalforsamlinga i Hordaheimen AS

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Vi har revidert Hordaheimen AS sin årsrekneskap som viser eit underskot på kr 1 333 810. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2017, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Konklusjon med atterhald om resultat

Etter vår meining er, med unntak av dei moglege verknadane av tilhøvet som er omtalt i avsnittet *Grunnlag for konklusjonen med atterhald*, resultatrekneskapen som fylgjer med gitt i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvisande bilete av resultata til Hordaheimen AS for rekneskapsåret som vart avslutta den 31. desember 2017, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Konklusjon om den finansielle stillinga

Etter vår meining er balansen som fylgjer med gitt i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Hordaheimen AS per 31. desember 2017, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen med atterhald

Selskapet hadde gjennom 2016 fleire åpne postar på kunde- og leverandørreskontro, mellom anna grunna ukjende betalingar. I samarbeid med rekneskapsførar vart desse gjennomgått av selskapet pr 31.12.2016, og det vart foretatt ei opprydning. For fleire ukjende betalingar, samt øvrige postar i kunde- og leverandørreskontro, vart det ikkje lagt fram dokumentasjon som gjorde det mogleg å innhente tilstrekkelege revisjonsbevis. Vidare vart det avdekka kontoutskrifter frå bank med vesentlege beløp (både inn- og utbetalingar) som ikkje var bokførde i rekneskapen. Nokre av desse postane var det heller ikkje lagt fram tilstrekkeleg dokumentasjon for. Desse forholda hadde først og fremst betydning for resultatrekneskapet og andre driftskostnader, men også balansepostar som kundefordringar, leverandørgjeld og bankinnskot. Vidare har selskapet hatt utfordringar knytt til likviditet, og i samband med årsavslutninga mottok vi informasjon om at ein var på etterskot med enkelte lovpålagte utbetalingar.

Samla sett var desse forholda etter vår meining så vesentlege og gjennomgripande at vi ikkje kunne uttale oss om årsrekneskapen for 2016. Som følge av dette har vi heller ikkje vore i stand til å vurdere inngåande balanse for 2017, og dette er grunnlaget for vår konklusjon med atterhald om resultat.

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer · medlemmer av Den norske Revisorforening

Offices in:
Oslo, Ålesund, Bergen, Bodø, Drammen, Kristiansand, Molde, Sandefjord, Stavanger, Stavern, Tønsberg, Ålesund

andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår med atterhald.

Vesentleg uvisse knytta til framleis drift

Selskapet opplyser i note 8 at selskapet har pådrege seg eit tap på kr 1 333 810 i rekneskapsåret 2017, og at selskapet har ein negativ eigenkapital på kr 12 033 836. Vidare oversteig selskapet si kortsiktige gjeld per denne datoen selskapet sine samla eigedelar med kr 4 785 641. Desse tilhøva og andre omstende som er omtalt i note 8, indikerer at det er ei vesentleg uvisse som kan skape tvil av betyding om selskapet si evne til framleis drift. Dette tilhøvet har inga betyding for konklusjonen vår om årsrekneskapen.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta, og på tilbørleg måte opplyse om tilhøve av betyding for dette og å bruke føresetnaden om at drifta kan halde fram med mindre leiinga enten har til hensikt å avvikle selskapet eller å avslutte drifta, eller ikkje har noko anna realistisk alternativ.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.

- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.

- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.

- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om

årsrekneskapen. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.

- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gjev eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon med atterhald om registrering og dokumentasjon

Selskapet har gjennom året ikkje vore a jour med bokføring og avstemming av balansepostar i samsvar med reglane i Bokføringsloven. Vidare har lovpålagt rekneskapsrapportering ikkje vore tidsriktig. Forholda er betra mot slutten av året, og teke opp i nummerert brev til selskapet.

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag *(ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon»*, meiner vi at leiinga, med unntak av verknadane av tilhøvet som er omtalt i avsnittet ovanfor, har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Andre tilhøve

Selskapet har ikkje handsama skattetrekksmidlar i samsvar med reglane i skattebetalingslova § 5-12.

Bergen, 3. mai 2018
KPMG AS

Harald Sylta
Statsautorisert revisor

Hordaheimen AS

Resultatrekneskap

Driftsinntekter og -kostnadar	Note	2017	2016
Driftsinntekter		20 729 773	21 945 339
Andre driftsinntekter		776 313	960 269
Sum driftsinntekter		**21 506 086**	**22 905 608**
Varekostnadar		1 776 042	2 515 368
Lønskostnader m.m.	2	9 271 476	9 860 550
Ordinære avskrivningar	3	660 611	674 753
Andre driftskostnadar	2	11 406 637	13 551 247
Sum driftskostnadar		**23 114 766**	**26 601 918**
Driftsresultat		**-1 608 681**	**-3 696 310**
Finansinntekter og -kostnadar			
Renteinntekter		5 480	228 404
Andre finansinntekter		0	189
Nedskrivning av andre finansielle anleggsmidler	4	-638 935	3 398 709
Rentekostnader		203 049	338 468
Andre finanskostnadar		166 496	221 154
Resultat av finanspostar		**274 871**	**-3 729 739**
Ordinært resultat før skattekostnad		**-1 333 810**	**-7 426 049**
Resultat for året		**-1 333 810**	**-7 426 049**
Overføringar			
Overført til udekka tap		1 333 810	7 426 049
Sum overføringar		**-1 333 810**	**-7 426 049**

Hordaheimen AS

Balanse pr. 31.12.

EIGEDELAR	Note	2017	2016
ANLEGGSMIDLAR			
Varige driftsmidlar			
Utstyr og inventar o.l.	3	1 214 605	1 683 655
Sum varige driftsmidlar		**1 214 605**	**1 683 655**
Finansielle anleggsmidlar			
Investeringar i datterselskap	4, 9	1	1
Investeringar i lutar		40 250	40 250
Obligasjoner og andre fordringer	2	660 000	0
Sum finansielle anleggsmidlar		**700 251**	**40 251**
Sum anleggsmidlar		**1 914 856**	**1 723 906**
OMLØPSMIDLAR			
Varer			
Varelager		95 978	109 741
Fordringar			
Debitorar	9	396 315	841 752
Andre fordringar	9	19 150	892 211
Sum fordring		**415 465**	**1 733 963**
Bankinnskot, kontantar o.l.			
Bankinnskot, kontantar o.l.	7	271 599	149 143
Sum omløpsmidlar		**783 042**	**1 992 847**
Sum eigedelar		**2 697 898**	**3 716 753**

Hordaheimen AS

Balanse pr. 31.12.

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2017	2016
EIGENKAPITAL			
Innskoten eigenkapital			
Lutmedel (6 200 lutar à kr 17,65)	5, 8	109 430	109 430
Sum innskoten kapital		**109 430**	**109 430**
Opptjent egenkapital			
Udekka tap	8	-12 143 266	-10 809 456
Sum opptent eigenkapital		**-12 143 266**	**-10 809 456**
Sum eigenkapital	**8**	**-12 033 836**	**-10 700 026**
GJELD			
Anna langsiktig gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld	9	7 248 195	7 391 605
Sum langsiktig gjeld		**7 248 195**	**7 391 605**
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner		2 857 957	2 851 173
Leverandørgjeld	9	1 421 210	989 281
Skuldige offentlege avgifter		635 245	706 863
Annan kortsiktig gjeld	9	2 569 128	2 477 857
Sum kortsiktig gjeld		**7 483 539**	**7 025 174**
Sum gjeld		**14 731 735**	**14 416 780**
Sum eigenkapital og gjeld		**2 697 898**	**3 716 753**

Bergen
Styret i Hordaheimen AS

Øystein Erstad
styreleder

Eli Østenstad
styremedlem

Kim Eirik Størksen
styremedlem

Tom Henriksen
daglig leder

Hordaheimen AS

Noter til årsrekneskapet for 2017

Note 1 - Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapen er alle postar verdsett og periodisert i samsvar med rekneskapslova sine føresegner og reglane som følgjer av god rekneskapsskikk for små føretak.

Klassifisering
Eigedelar tenkt til varig eige eller bruk, samt krav som forfell meir enn eitt år etter balansedagen er tekne med som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Gjeld som forfell seinare enn eitt år etter slutten av rekneskapsperioden er oppført som langsiktig gjeld.

Varige driftsmidlar og avskrivningar
Varige driftsmidlar er vurdert til historisk kost etter frådrag for bedriftsøkonomiske avskrivningar som er rekna ut på grunnlag av kostpris og venta økonomisk levetid.

Kundefordringar
Kundefordringane vert verdsett til pålydande verdi med nedskriving til det beløp ein kan rekne med å få innbetalt dersom verdien er usikker, til dømes ved manglande betaling.

Driftsinntekter og kostnader
Inntektsføring skjer etter opptenningsprinsippet som normalt vil vere leveringstidspunkt for varer og tenester. Kostnader er tekne med etter samanstillingsprinsippet, dvs at kostnader er tekne med i same periode som tilhøyrande inntekter vert inntektsførde.

Note 2 - Tilsette, godtgjeringar, lån til ansette, pensjonsforpliktingar m.v.

Lønskostnader	**2017**	**2016**
Lønkostnader m.m.	7 815 872	8 018 395
Arbeidsgjeveravgift	1 254 790	1 278 938
Pensjonskostnader	29 650	71 922
Andre lønsrelaterte ytingar	171 164	491 295
Sum lønnskostnader	9 271 476	9 860 550
Antall årsverk	21	21

Godtgjersle til leiande personar	**Dagleg leiar**	**Styret**
Løn	1 122 424	0
Anna godtgjersle	121 629	

Godtgjersle er til tidlegare dagleg leiar, som frå 2018 ikkje lenger arbeider i selskapet.

Godtgjersle til revisor	
Kostnadsført revisjonshonorar for 2017	168 500
Teknisk regnskapsbistand	46 100
Andre tjenester	49 800

Hordaheimen AS

Noter til årsrekneskapet for 2017

Note 2 forts.

Tenestepensjonsordning
Selskapet pliktar å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har ei ordning for dei tilsette som oppfyller krava etter lova.

Lån til tidlegare dagleg leiar
Tidlegare dagleg leiar tok opp eit lån i selskapet på kr 1 483 466. Lånet er misligholdt i henhold til inngått låneavtale. Lånet er etter dette nedskrive til kr 660 000 då det er inngått ein avtale om at dette beløpet skal betalast tilbake. Resterande beløp er avsett som tap då den framlagde dokumentasjonen for uttaka ikkje er tilfredsstillande.

Note 3 - Anleggsmidler

	Inventar og utstyr mv.
Anskaffelseskost pr. 01.01.2017	5 076 491
Tilgang	191 560
Avgang	
Anskaffelseskost 31.12.2017	5 268 051
Akkumulerte avskrivninger 31.12.2017	4 053 545
Bokført verdi 31.12.17	1 214 605
Årets avskrivninger	660 611

Note 4 - Investering i dotterselskap

Dotterselskap	**Andel**	**Bokført verdi**	**Årets resultat**	**Bokført EK**
Ole Bull Hotel AS	100 %	1		
Sum		**1**	**0**	**0**

Investeringa er vurdert som ei langsiktig investering. Aksjane er nedskrivne til kr 1.

Note 5 - Antal lutar, luteigarar m.m.

	Antal	**Pålydande**	**Balanseført**
Lutmedel	6 200	17,65	109 430
Eigarstruktur:	**Antal**	**Eigarandel**	**Stemmeandel**
Ervingen Lagsbruk AS	6 200	100%	100%
Sum	6 200	**100%**	**100%**

Hordaheimen AS

Noter til årsrekneskapet for 2017

Note 6 Skatt

Årets skattekostnad	**2017**	**2016**
Resultatført skatt på ordinært resultat:		
Betalbar skatt	**0**	**0**
Endring i utsatt skattefordel	0	0
Skattekostnad ordinært resultat	**0**	**0**
Skattepliktig inntekt:		
Ordinært resultat før skatt	**-1 333 810**	**-7 426 049**
Permanente forskjeller	-978 934	4 605 289
Endring i midlertidige forskjeller	289 631	-99 762
Skattepliktig inntekt	**-2 023 114**	**-2 920 522**
Betalbar skatt i balansen:		
Betalbar skatt på årets resultat	**0**	**0**
Sum betalbar skatt i balansen	**0**	**0**

Skatteeffekten av midlertidige forskjeller og underskudd til fremføring som har gitt opphav til utsatt skatt og utsatte skattefordeler, spesifisert på typer av midlertidige forskjeller:

	2017	**2016**	**Endring**
Varige driftsmidlar	-249 102	40 529	289 631
Fordringar	-100 000	-100 000	0
Sum	**-349 102**	**-59 471**	**289 631**
Akkumulert fremførbart underskudd	-7 654 068	-5 630 955	2 023 114
Inngår ikkje i berekninga av utsatt skatt	8 003 171	5 690 426	-2 312 745
Grunnlag for berekning av utsatt skatt	**0**	**0**	**0**
Utsatt skattefordel (23 % / 24 %)	**0**	**0**	**0**

I henhold til God regnskapsskikk for små foretak balanseførast ikkje utsett skattefordel.

Note 7 - Bankinnskot

Av innestående i bank er kr 263 224 bundne skattetrekksmidlar.
Skuldig skattetrekk pr 31.12.17 var kr 263 224.

Hordaheimen AS

Noter til årsrekneskapet for 2017

Note 8 - Eigenkapital

	Aksjekapital	Udekka tap	Sum eigenkapital
Eigenkapital pr. 01.01.2017	-109 430	10 809 456	10 700 026
Årets resultat		1 333 810	1 333 810
Eigenkapital pr 31.12.2017	**-109 430**	**12 143 266**	**12 033 836**

Det er i mars 2018 inngått avtale om at Hordaheimen AS skal selgast, med overtakelse i mai 2018. I den forbindelse er det inngått avtale med noverande eigarar om at det vil bli ettergitt betydeleg gjeld til nærståande selskap.

Selskapet er avhengig av likviditetstilførsel frå nye eigarar for å kunne drive vidare.

Note 9 - Fordringar og gjeld mot føretak i same konsern

	Kundefordringar		Andre fordringar	
	2017	2016	2017	2016
Ervingen Eigedom AS (felleseigd)	0	0	0	0
Ervingen Kulturhus AS (felleseigd)	0	0	0	657 383
Ervingen Lagsbruk AS (Morselskap)	0	0	9 150	9 150
	0	0	9 150	666 533

	Kortsiktig gjeld		Anna langsiktig gjeld	
	2017	2016	2017	2016
Ervingen Eigedom AS (felleseigd)	-6 249 310	-4 368 528	0	0
Ervingen Kulturhus AS (felleseigd)	-346 757	-338 282	0	0
Ole Bull Hotel AS (Dotterselskap)	-652 128	-652 128	0	0
	-7 248 195	-5 358 938	0	0